



Vest Rørservice AS
Kvernhusvegen 5
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1555 - 19/11476

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
30.07.2019

Byggesak Gbnr 38/54 Helland - søknad som gjeld dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg

Delegasjonssak nr.: 191/2019

Det vert søkt om dispensasjon frå avstandskravet mot veg for etablering av minireiseanlegg med tilhøyrande grøftesystem. Anlegget vil få ein minsteavstand mot veg på 4 m.

Det fylgjer av pbl §29-4 første ledd andre punktum at kommunane skal påsjå at veglovas bestemmelser om byggjegrænse og friskt vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverket sin plassering må kommunen sjå til at løyve ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelser. Pbl § 29 – 4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tillatelse etter veglova.

Tiltaket det her vert søkt om ligg til kommunal veg som det ikkje er sett byggjegrænse mot. Avstanden til vegmidte skal difor vera 15 meter som bestemt i veglova § 29, andre ledd .

Plasseringa av tiltaket vil i dette tilfellet få ein minsteavstand til vegmidte på 4 m. Tiltaket vil ikkje endra siktilhøva i området eller gje andre negative verknader knytt til trafikk eller drift av vegen.

Vegmynda finn difor å kunne gje dispensasjon frå avstandskravet mot veg og godkjenner oppføring av minireiseanlegg slik søkt om.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk drift Einar Færø.

Med helsing

Einar Færø
kommunalsjef drift og forvaltning

Einar Færø
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Vest Rørservice AS

Kvernhusvegen 5 5936

MANGER